

Utlåns- og utleigereglar for skulerom gjeldande frå 01.08. 2017

1. Den einskilde skule v/ rektor avgjer omfang av skulerom som skal lånast/leigast ut, - og kva rom.

- Samarbeidsutvala ved den einskilde skule handsamar utlåns-/leigesaker som går på fast utlån/leige over tid, t.d. eit skuleår.
- Einskild utlån-/utleige vert avgjort av rektor.
- Rektor kan delegera utleigeoppgåver til lag- og organisasjonar, men rektor vil likevel alltid vera ansvarleg for dei utleigeval som blir gjort, og har difor avgjerdsmynde.

2. Skulen og aktivitetar skulen driv eller vil setja i gong for elevane og eller foreldra, går føre andre låne-/leigetakarar.

3. Alle lag og organisasjonar som driv med kulturelt-, idrett- og sosialt arbeid for born og unge i i grunnskulealder skal få leiga skulerom vederlagsfritt etter søknad. Ved lån av spesialrom kan det avtalast ein passande leigesum.

4. Ved utlån av rom i skulen til einskildpersonar, bedrifter og liknande som driv salsmesser, kursverksemd m.m. skal det krevjast leige.

5. Bruk av skulen utanom skuletida må ikkje føra til ulempe for den vanlege undervisninga. Låne-/leigetakaren har ansvar for skikkeleg reinhald og opprydding i dei rom som dei har lånt/leigd. Dette gjeld også dersom ein har nytta utearealet. Manglande reinhald vert fakturert.

6. Lån-/leigetakaren er pliktig til å gjera seg kjend med gjeldande forskrifter og reglar for orden og sikkerheit (brann) i skulane, og det skal alltid vera ein namngjeven myndig person til stades som har ansvaret.

7. Ved overnatting på skulane skal brannforskriftene følgjast og lånaren/leigaren er pliktig til å gje skriftleg melding om kven som er brannvakt. Det same gjeld ved store arrangement på dagtid. Det er krav om vakande nattevakt ved overnatting.

8. Det er forbode å nyta rusmiddel innanfor skuleområdet. For all aktivitet innanfor skuleområdet skal røykelova vera gjeldande. Når det gjeld skjenking, skal ein følgja dei retningsliner som til ei kvar til gjeld i kommunen.

9. Låne/leigetakaren er økonomisk ansvarleg for skade som vert gjort på bygningar/anlegg og inventar i samband med lån/leige. Tapte nøklar og liknande er ein erstatningsansvarleg for. Ein kan bli fakturert for arbeidskostnad/timepris om nokre frå kommunen eller brann vert tilkalla.

10. Alle leigeinntekter skal gå inn i kommunen sine budsjett og rekneskap, og bruken av midlane skal gå fram av rekneskapen.

Verknad frå 01.08.2017

PRISAR UMLEIGE SKULEROM FRÅ 01.08. 2017

Under føresetnad av at ein fyller vilkåra for å få leige gjeld følgjande prisar for dei som ikkje har gratis leige (sjå utleigeregjar):

Vekedagar:

	Eingongsutleige pr. gong:	Serieutleige pr. gong/dag:
Klasserom/grupperom:	kr 300 pr rom	kr 150 pr rom
Gymnastikksal:	kr 500	kr 250
Rom mat og helse :	kr 500	kr 250
Kunst/handverk/Spesialrom:	kr 400	kr 200

Helg:

Leige for inntil eit døgn:

Klasserom/grupperom:	kr 500 pr. rom	kr 300 pr. rom
Gymnastikksal:	kr 1000	kr 500
Rom for mat og helse:	kr 1000/800* *m. el. u utstyr	kr 500/400*
Kunst/handverk /Spesialrom. :	kr 600	kr 300

Leige som strekkjer seg over to døgn:

Gymnastikksal +kjøkken kr 4000*/3600

*bruk av el. Utstyr

Større arrangement for barn i grunnskulealder med utleige over ein eller fleire døgn (ikkje kommersielle)

Halv sats på alle prisar i tabellane over.

-

Dersom reinhaldet ikkje er tilfredsstillande vert dette fakturert med kr 500,- pr. time basert på medgått tid i tillegg til leigesum.

Kommersielle aktørar får eit påslag på 20 % på satsane i desse tabellane.

Basseng

Basseng vert berre leigt ut etter spesialavtale. Her fastset utleigarskulane utleigesatsane. Like basseng vil ha like prisar. Ved utleige er det for leigetakar krav om gjennomført livredningskurs i det aktuelle bassenget. Skulen kan arrangera slike kurs. Det er kurskostnad for deltakarane. Offentlege aktivitetar for barn og ungdom i grunnskulealder har fri leige.